

---

**Fra:** Bergheim Jomar <jobe@nve.no>  
**Sendt:** 27. februar 2015 18:34  
**Til:** Karl Atle Taule  
**Kopi:** Postmottak Radøy  
**Emne:** SV: Tiltak på gbnr 48/21 i Radøy kommune. Regulert til Industriområde i 1983. Plastring/fylling mot bekk.

Ing. Taule AS

Eg viser til spørsmål om vurdering av opparbeiding av industriareal. Opparbeidinga er i samsvar med ein eldre reguleringsplan. Bekken er sterkt berørt av tidlegare inngrep og har lite att av den naturlege karakteren. Tiltaket er såleis klart ikkje konsesjonspliktig etter vassressurslova og treng ikkje vidare handsaming av NVE. Tiltak som ikkje treng handsaming etter vassressurslova skal handsamast av kommunen etter plan- og bygningslova. Likevel er dei alminnelege reglane om vassdrag i vassressurslova kapittel 2 gjeldande for tiltaket. Spesielt § 5 om forvaltaransvar og aktsomhetsplikt og § 11 om kantvegetasjon gir føringar for tiltak langs bekken.

**Med helsing**

**Jomar Bergheim**

overingeniør, skred- og vassdragsavdelinga



**Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE)**

**Region vest**

Telefon: 09575 eller direkte: 22959512, mobiltelefon: 99215119

E-post: [nve@nve.no](mailto:nve@nve.no) eller direkte: [jobe@nve.no](mailto:jobe@nve.no)

Nettadresse: [www.nve.no](http://www.nve.no)

---

**Fra:** Karl Atle Taule [<mailto:atle@ing-taule.no>]

**Sendt:** 25. februar 2015 12:48

**Til:** Bergheim Jomar

**Emne:** Tiltak på gbnr 48/21 i Radøy kommune. Regulert til Industriområde i 1983. Plastring/fylling mot bekk.

Vi viser til dagens telefonsamtale og sender bilder samt situasjonsplan og kartutsnitt over det regulerte område.

Vi har mottatt tilbakemelding frå byggesak i kommunen med visning til utgreiing av tiltaket mot bekk etter naturmangfaldslova, samt vannressurslova §8 og forskrift om fysiske tiltak i vassdrag §1.

Dette er siste tomten som vert planert og tatt i bruk. Det vert ført overvatn, frå stort sett heile industriområdet, ut i bekken.

Det første bildet er tatt nærare sentrum der bekkefareet no er flytta ein del i samband med utbygging. Det andre bildet er tatt der vegen går over bekken/elva om mot området det er søkt om planering av. Plastring/fylling vert liggjande til venstre for bekken på dette bildet. Det tredje bildet er tatt frå same staden og mot aust gbnr 48/16 som er eit plasttelt sett opp av Radøy kommune. Her lagrar dei sandfraksjonar/oljegrus etc på uteområdet. Det fjerde bildet er tatt det bekken renn inn under vegen ved 48/16.

Vassføringa er rimelig høg, men har vore ca 40 cm høgare seinaste tida slik det viser av riset ved bredden av elva på bilde nr fem. Nummerering frå venstre på linja for vedlegg.

Bekken/elva var tidlegare prega av forureining frå bustader og landbruksdrift på Solend og Manger Øvre, med mykje anaerob vekst og stygg lukt.

På vår/sommar når det er varmare i lufta luktar det framleis dårlig.

Vi skulle tru at det er lagra fleire saker på denne bekken/elva då svært mykje av arealet den går gjennom er utbygd dei seinare åra og håpar de kan gi ei snarleg tilbakemelding på om det er særskilde tiltak vi må utføre i denne saka.

**Med venleg helsing**

**Ing. Taule AS**

Kvassnesveien 33 – 5914 Isdalstø

Tlf. 56 35 85 55- Faks 56 35 85 56



*Karl Atle Taule*

Daglig leder

Mob. 908 66 010

[atle@ing-taule.no](mailto:atle@ing-taule.no)